



Kristian Bekkenes  
Osterfjordvegen 1701  
5993 OSTEREIDET

Ikkje off.  
§ 24 2. ledd 1. punktum

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7346 - 20/15522

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
27.03.2020

## Registrert nedgraving av avfall - gbnr. 238/44

**Tiltak:** Opprydding avfallsplass  
**Byggjestad:** Gbnr: 238/44  
**Tiltakshavar:** Kristian Bekkenes

Alver kommune har den 21.02.2020 motteke melding om at det blir grave ned avfall som forureinar miljøet i området på og rundt eigdommen din. Vi er gjort oppmerksame på at det vert grave ned restavfall frå ein nedbrent bygning som tidlegare stod på eigdommen.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

**Vi ber deg difor gjere rede for situasjonen så snart som mogleg. Frist for tilbakemelding til kommunen vert sett til seinast 13.04.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding frå deg innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggjedeg å utbetre tilhøvet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Plikt til å unngå forsøpling følgjer av forurensingslova § 28.
- Kommunen kan gje pålegg om rydding og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise  
rådgjevar  
Miljø og tilsyn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kristian Bekkenes

Osterfjordvegen 5993  
1701

OSTEREIDET